



FYLKESMANNEN I HORDALAND  
Miljøvernavdelinga

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Torgeir Flo, 55 57 22 27

Vår dato

Dykkar dato  
05.07.02

Vår referanse

02/09002-421.41-TFL  
Dykkar referanse  
2002000050

17 JULI 2002

...  
Radøy kommune  
Krossvegen 8  
5936 MANGER

|               |              |           |          |   |
|---------------|--------------|-----------|----------|---|
| RADØY KOMMUNE |              |           |          |   |
| JOURNAL NR..  | 02/438       | ARKIV NR. | 212      |   |
| AVD.          |              |           |          |   |
| SAKSBEH.      | 18 JULI 2002 |           | KOPI TIL |   |
| E.EL          |              |           |          |   |
| ARK.KODE      | P            |           | ARK.KODE | S |
| PRESEDENS     |              | KASSASJON |          |   |

**RADØY KOMMUNE - BRESSVIKA  
REGULERINGSPLAN OG BYGGESAK**

Vi syner til brev 05.07.02 med oversending av reguleringsplan for Bressvika.

Miljøvernavdelinga vil minne kommunen om at fylkesmannen ikkje har trekt motsegnet i denne saka. Planen kan difor ikkje eigengodkjennast.

Vi vil handsame saka straks over ferien. Vi gjer og merksam på at det ikkje kan gjevast byggjeløyve heimla i ei reguleringsplan som ikkje er endeleg godkjent.

Med helsing

*Stor Bygdland*  
for Egil Hauge e.f.  
Seksjonsleiar

*Torgeir Flo*  
Torgeir Flo



FYLKESMANNEN I HORDALAND  
Miljøvernavdelinga

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Torgeir Flo, 55 57 22 27

Vår dato

Vår referanse

Dykkar dato  
02.08.02

02/09002-421.41-TFL  
10 SEPT. 2002  
Dykkar referanse  
200200050-15/L12

...  
Radøy kommune  
Krossvegen 8  
5936 MANGER

1099 L12  
EEL

## **RADØY KOMMUNE - BRESSVIKA REGULERINGSPLAN FOR BUSTADFELT I BRESSVIKA TREKKING AV MOTSEGN**

Vi syner til brev 02.08.02 med presiseringar til reguleringsplan for Bressvika og meklingsmøte 16.05.01.

Fylkesmannen finn at ein langt på veg har teke omsyn til motsegna i det føreliggande planutkastet. M a er bustadane trekket lengre vekk frå strandkanten, småbåthamna er plassert på eit mindre eksponert strandområde og naustrekkja er fjerna.

Vi har i denne saka vore særskildt klare på at inngrep i strandsona må unngåast. Planering av eit område i strandkanten mot søraust for båtopplag er difor vere uheldig. Fylkesmannen kan berre gå med på at det vert lagt til rette for at ein kan transportera båtar frå/til båtopptrekking. Det kan naturlegvis godtakast at båtar vert vinterlagra på land i området. Plass for båtopplag må difor takast ut av plankartet. Heile området i syd-aust for tomt 6 må få formål friluftsområde.


I planføresegnene må det presiserast at ålmenta skal ha tilgang frå offentleg veg til friluftsområdet i planen. Det må og presiserast i føresegnene at plassering av bustad på tomt 6 må trekkjast så langt som mogeleg opp mot grensa til T7.

Vidare må plankart og føresegner rettast slik at dei er i samsvar med plan- og bygningslova.

Dersom planen blir retta i samsvar med desse merknadene vil fylkesmannen trekkje motsegna til planen og planen kan då eigengodkjennast i kommunen.

Med helsing

  
Terje Aasen  
Fylkesmiljøvernssjef

  
Egil Hauge  
Seksjonsleiar